

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Høyring - Rapport om ein felles meldingsboks

Vi viser til høyringsbrev av 21.10.2011 om Difi sin rapport 2011: 7 En felles meldingsboks.

For Lotteri- og stiftelsestilsynet er arbeidet med å etablere meldingsboks interessant sett i høve til dei brukargruppene vi har. Vi forvaltar lotterilova og stiftelseslova og har gjennom oppgåvene våre ein utstrakt kontakt med frivilligheits-Norge. Vi forvaltar også ordninga med momskompensasjon til frivillige organisasjonar.

Alt i alt så har vi brukargrupper der dei personar som utfører oppgåver mot oss og andre offentlege instansar ofte har dette som frivillige verv i ein gitt periode. Vi har sett, og har nedfelt i strategien vår, at tilrettelegging for enkle og effektive e-forvaltningløyseringar må vere eit satsingsområde i åra framover. I høve til arbeidet med meldingsboks vil vi gjerne understreke at behova til frivillig sektor også må vere ein del av det totale biletet når ein tenkjer brukargrupper, hensiktsmessige løyseringar etc for ein felles meldingsboks.

Til rapporten:

Vi er av den oppfatning at rapporten gir eit godt grunnlag for å stake ut ein kurs vidare. Dei tre identifiserte alternativa er belyst ut i frå dei overordna omsyna vi meiner er vesentlege. Konkrete skildringar av tekniske sider ved tilrådde alternativ er ikkje det som er mest vektlagt, så vi ser at i det vidare arbeidet bør presise avklaringar omkring dette vere ein sentral del av jobben.

Rapporten peikar på kombinasjonsalternativet som den truleg beste løyseringa ut i frå ei heilskapleg vurdering. Vi har ikkje store motforestillingar mot dette. Det må i tilfelle vere at det er litt meir heilgardering enn ønskjeleg. For oss og andre brukarar kan val mellom offentleg eller privat tilbydar muligens bli ei utfordring. Det at drifting av sentrale ikt-funksjonar for statsforvaltninga vert gjort tilgjengeleg også for andre aktørar enn Brønnøysundregistra, ser ikkje vi som ei ulempe.

Den løyseringa vi umiddelbart har aller størst sans for er marknadsalternativet. Og det grunngeve vi med følgjande:


Det er viktig å leggje til rette for digitalt førsteval. Som rapporten peikar på er det eitt av alternativa som scorar best på dei antatt viktige parametrane for å oppnå dette, og det er marknadsalternativet. Denne modellen vil involvere it-næringa på breitt grunnlag og konkurransen om brukarane vil vere insentiv for vidareutvikling av meldingsboksen og utvikling av nye tenester. Brukarperspektivet vil, som sagt i rapporten, truleg bli best ivareteke med marknadsalternativet. Vi er opptekne av poenget med at marknadsalternativet betyr at dei ulike kommersielle aktørane vil kunne tilby meldingsboksen gjennom ulike kanalar og på ulike plattformer. Vi vil ikkje for vår del leggje så stor vekt på å kome fort i gang, at omsynet til tid her skal svekke aktualiteten for marknadsalternativet.



Vi vil følge det videre arbeidet med interesse.

Med helsing


for Atle Hamar
direktør


Stig Starheim
økonomisjef